

REFERAT FRÅ MØTE I ØVRE TELEMARKE PROSTIRÅD

Tidspunkt: Torsdag 1. februar 2018 kl. 19.00 – 21.00

Stad: Seljord kyrkjekontor, Brøløvsvegen 48 c

Desse møtte: Berit Lia (Nome), Rune Nilsen (Sauherad), Grete Vestby (Tinn), Åsmund Stenseth (Tokke), Svein Myhre (Bø), Bjarne Bakken (Notodden), Signe Nordbø Lonar (Hjartdal)

SAKLISTE

Sak 01.2018 INFORMASJON OG REFEREATSAKER

- Retningslinjer for prostirådet vart gjennomgått (sjå vedlegg)

Sak 02.2018 KONSTITUERING

Det skal veljast leiar og nestleiar mellom dei frammøtte.

Framlegg til vedtak:

(Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak)

Vedtak:

Bjarne Bakken, leiar

Berit Lia, nestleiar

Sak 03.2018 STATUS FOR PROSJEKT UNDER PROSTIRÅDET

Fleire av prosjekta til prostirådet har stoppa opp på grunn av manglande ressursar til vidare drift.

Pilegrimsprosjektet har stoppa opp delvis grunna reduksjon i pilegrimspreststillinga og delvis grunna utfordringar i organiseringa av Pilegrimsvegen til Røldal og organiseringa lokalt i Røldal. Kyrkja vil vera aktiv i gjennomføringa av langvandringa om sommaren og dei diakonale vandringane som prostidiakonen står bak. Utover dette vil det vere naturleg å avvente vidare satsing.

Kulturproduksjonsprosjektet har også stoppa opp grunna mangel på ressursar til å drifta prosjektet. Prosjektet bør takast opp på eit seinare tidspunkt, men det bør då først gjerast ein forstudie med tanke på finansiering.

Diakoniprojektet har så langt ikkje nådd andre mål enn å berga eit par utsette stillingar. Prosjektet bør intensiverast.

Ønsket og elsket er ein suksess og vert handsama i eiga sak (04.2018)

Framlegg til vedtak:

Prostirådet avviklar pilegrimsprosjektet og kulturproduksjonsprosjektet. Diakoniprojektet vert vidareført, og prosten får i oppgåve å utarbeide ei grundig prosjektskisse til prostirådsmøtet i juni.

Vedtak:

Prostirådet avviklar pilegrimsprosjektet og kulturproduksjonsprosjektet. Diakoniprojektet vert vidareført, og prosten får i oppgåve å utarbeide ei grundig prosjektskisse for dette prosjektet til prostirådsmøtet i juni.

Sak 04.2018 ØNSKET OG ELSKET – ORGANISERING AV PROSJEKTET

Konfirmant og leiartreningsprosjektet «Ønsket og Elsket» er i rask utvikling og gjev svært gode resultat. Stadig fleire sokn i prostiet knyter seg til opplegget. Frå sommaren 2018 er alle sokna i Øvre Telemark utanom Tinn sokn med. Me reknar med at alle er med frå sommaren 2019. Det vil bli gitt ei grundig innføring i prosjektet på prostirådsmøtet.

Sidan Ønsket og Elsket framleis ikkje er fullt utbygd, er det ynskjeleg å halde på ei prosjektorganisering eit par år til, før ein eventuelt går over i ein driftsfase med ei anna organisering.

For å ha klare linjer med tanke på prosjektstyring og økonomi, er det ynskjeleg med følgjande organisering: Kyrkjelydane eig prosjektet og prosten representerer desse som prosjekteigar. Ungdomspresten i Seljord er prosjektleiari og rapporterer til prostirådet, som har rolla som prosjektstyre. Tilsette i prosjektet har Seljord kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar, men vert fullt ut disponerte av dagleg leiari. Seljord kyrkjelege fellesråd fører rekneskap og stiller kontor for Ønsket og Elsket. Tilsette i bispedømmet eller kyrkjelege fellesråd som skal yte arbeidstid inn i prosjektet, vil bli avgitt i samsvar med inngåtte avtalar og sorterer også under dagleg leiari i avgitt tid.

Framlegg til vedtak:

Kyrkjelydane eig konfirmant- og leiartreningsprosjektet «Ønsket og Elsket» og prosten representerer desse som prosjekteigar. Ungdomspresten i Seljord er prosjektleiari og rapporterer til prostirådet, som har rolla som prosjektstyre. Tilsette i prosjektet har Seljord kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar, men vert fullt ut disponerte av dagleg leiari. Seljord kyrkjelege fellesråd fører rekneskap og stiller kontor for Ønsket og Elsket. Tilsette i bispedømmet eller kyrkjelege fellesråd som skal yte arbeidstid inn i prosjektet vil bli avgitt i samsvar med inngåtte avtalar med den einskilde arbeidsgjevar og sorterer under dagleg leiari i avgitt tid. Med denne organiseringa vert prosjektet forlenga til 1. juni 2020.

Vedtak:

Kyrkjelydane eig konfirmant- og leiartreningsprosjektet «Ønsket og Elsket» og prosten representerer desse som prosjekteigar. Ungdomspresten i Seljord er prosjektleiar og rapporterer til prostirådet, som prosjektstyre. Tilsette i prosjektet har Seljord kyrkjelege fellestråd som arbeidsgjevar, men vert fullt ut disponerte av dagleg leiar. Seljord kyrkjelege fellestråd fører rekneskap og stiller kontor for Ønsket og Elsket. Tilsette i bispedømmet eller kyrkjelege fellestråd som skal yte arbeidstid inn i prosjektet vil bli avgitt i samsvar med inngåtte avtalar med den einskilde arbeidsgjevar og sorterer under dagleg leiar i avgitt tid. Med denne organiseringa vert prosjektet forlenga til 31. desember 2020.

Sak 05.2018 MØTEDATOAR 2018

Normalt møtest prostirådet i juni og desember. Forslag til tidspunkt for neste møte er torsdag 7. juni kl. 19.00 til 21.00.

Framlegg til vedtak:

Neste møte i prostirådet vert 7. juni 2018 kl. 19.00 til 21.00 på Seljord kyrkjekontor.

Vedtak:

Neste møte i prostirådet vert 7. juni 2018 kl. 19.00 til 21.00 på Seljord kyrkjekontor.

Sak 06.2018 YMSE

Vedtak:

Prosten sender ut informasjon til sokneråda om prostirådet og rolla som prosjektstyre for Ønsket og Elsket.